



Skal vognene få stå der dei står i dag? Dette er eit springande punkt i saka om reguleringsplanen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det har vore stillstand ei tid rundt reguleringsplanen for turistanlegga i Uskedalen, men no har kommunen teke eit initiativ. Torsdag skal det haldast eit møte i rådhuset med representantar frå Øyro Marina og Camping og Rabben Feriesenter om den vidare saksgang og strategi.

Saksbehandlar Ingo Bewer skriv at "vi vil diskutera vidare framgang i forhold til Fylkesmannens miljøavdeling sitt motsegn frå den 10. juni 2008"

Han held fram: "Utgangspunktet for drøftinga skal vere ein framtidig synfaring i området saman med Fylkesmannen. Kor langt skal vi strekke oss, kva slags tilleggsoplysningar treng Fylkesmannen for å trekkja sin motsegn etc."

Fylkesmannens motsegn galdt framlegget til campingplass (område C3), køyreveg og parkeringsplass i friområdet ytst på neset der elva kjem ut. Fylkesmannen peika på at friområdet vert redusert i omfang og kvalitet. Etter Fylkesmannen sitt syn vil det vere i strid med omsynet til friluftsiinteressene å regulere inn køyreveg og parkeringsplass her. Campingvognar midt i friområdet vil og medverke til at neset i større grad vert oppfatta som reservert for campingturistar.

Fylkesmannen minna her om det nasjonale mål at strandsona skal sikrast som verdifullt natur- og friluftsområde med tilgjenge for ålmenta. Fylkesmannen meiner det er svært uheldig at planen legg opp til det motsette.

.Då Rabben Vel også uttala seg om saka sist sommar peika dei på at medan vognene før stod heilt ute mot elvekanten vart dei flytta til noverande plassering etter at kommunen hadde forlangt det fordi tilgjenget mot elva skulle bli betre.

- Dette vart gjort og no er tilgjenget mot elva god og med fleire tildels fine og opparbeida fiskeplassar. Samstundes står vognane slik at heile strandsona er open for ålmenn ferdslø, skreiv Rabben Vel i si uttale.

Av Ola Matti Mathisen